

## Overløpsledning graven ned på Stølavikjo.

18.04.2017



Arbeidet med nedgraving av overløpsledningen starta i kveld på fjæra sjø.

**I kveld på fjæra klokka 22 starta arbeidet med å grava ned overløpsledning frå pumpestasjonen og ut i stranda på Stølavikjo. Det nystarta firma TM Anlegg gjer jobben for Kvinnherad Maskin. Med flåte, to gravemaskinar og arbeidsbåt er jobben rekna å ta 2 - 3 dagar.**



Det har teke si tid, men no vert øverløpsledningen frå pumpestasjonen på Stølavikjo graven ned og lagt på 1,5 meters djupne. Overløpsledningen, som ei tid har vore synleg i dagen, er ein del av kloakk og VA anlegget i Uskedalen. Frå pumpestasjonen i Beinavikjo vert det ført kloakk i sjøkabel gjennom Holmsund til ny pumpestasjon på Stølavikjo, vidare i sjø til reinsestasjonen på Børnes. Overløpsledningen skal vera som eit avløp ved driftsstans eller om noko uventa skjer. Ledningen vert graven ned i stranda med ei djupne på 1,5 meter. Det vert festa lodd på kabelen.

Robert Myklebust ( 24 ) og Runar Tvedt ( 25 ) driv TM Anlegg. Dei har spesialisert seg på kaiarbeid og sjøjobbar. Lekter med 8 tonns gravemaskin og kran er ein del av utstyret. Firma tek oppdrag for det private markedet, men også for kommune og større entreprenørfirma.

Å driva som sjøentreprenør med flåte og gravemaskinar kan vera krevande. Ein må ta omsyn til tryggleiken ved å vera på sjø. Arbeidet vert ofte gjort på fjæra sjø, anten det er på dag eller på natta. Dei har eigen arbeidsbåt, ein tidlegare fiskebåt frå Nord Noreg. Berre i løpet av dagen har TM Anlegg utført fleire mindre jobbar i område.

Dersom nokon treng å få utført arbeid på og ved sjø, bør ein ta kontakt når det er lekter med gravemaskin og kran i bygda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



TM Anlegg er eit nystarta firma med to unge og initiativrike ungdomar, Robert Myklebust og Runar Tvedt.